

## RETNINGSLINER FOR BYTE AV SKULE

### **Bakgrunn:**

Kommunestyret har fastsett kringsgrenser for dei ulike skulane, seinast då nytt kart for skulestruktur vart vedteke i 2009.

I tillegg til å fastsetje kringsgrensene, står det også eit eige punkt om Bergsøy: Sitat: *“Endring av kringsgrenser i høve elevar på indre Bergsøy, vert å vurdere seinare i samband med utvikling av utbyggingsområda og kapasitet ved Bergsøy skule”.*

Formannskapet handsama retningslinjer for kringsgrenser og skuleval i sak 248/10.

### **Formannskapet gjorde slikt vedtak:**

1. Vedteken forskrift om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til, skal fortsatt vere gjeldande.
2. Elevar kan etter søknad takast inn ved annan skule i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og kommunale retningslinjer.

### **Desse retningslinjene er som følgjer:**

1. Kommunen sine vedtekne kringsgrenser er eit overordna prinsipp.
2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldre skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.
3. Dersom det ligg føre særleg tungtvegande grunnar, med sakkunnig uttale, kan ein elev flyttast til ein annan skule.
4. Byte av skule til ein skule lenger unna enn nærskulen, gir ikkje rett til gratis skuleskyss. Kommunen sitt skyssreglement er fundamentert på kommunen si forskrift om kringsgrenser.
5. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak, med klagerett etter forvaltningslova.

Januar 2012, revidert og kontrollert januar 2022  
Kommunalsjef Oppvekst.